

Tilknyttede organisasjoner;



Hustadvika kommune

Molde, 20. aug. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Birdlife Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, DNT Romsdal, DNT Sunnmøre, Kristiansund og Nordmøre Turistforening, KFUK-KFUM speiderne, Norges Speiderforbund, Romsdal Kystlag, Molde Kajakklubb og 4 H Møre og Romsdal.

Klage på parkeringsavgift ved Trollkirka

FNF Møre og Romsdal har no blitt merksame på at det er innført parkeringsavgift i sommar ved turparkeringa for Trollkirka. Vi vil med dette klage på innføringa av denne avgifta. Dette då vi meiner dette vedtaket ikkje er i tråd med friluftsløva.

Innleiingsvis vil vi seie at det er positivt av Hustadvika kommune gjer seg flid ved å leggje til rette for turparkering ved Trollkirka. Då hadde det vore greitt at dette var i tråd med landets lover – det er det ikkje no etter vårt skjønn. Vi har ved fleire høve prøvd å formidle kunnskap om tema parkeringsavgift til fylkets kommunar, seinast ved skriv av 22.12.2022 (sjå vedlegg).

Slik vi er opplyst er innføringa av avgifta belagt i vedtak i kommunestyret i Hustadvika kommune ved vedtak av 08.12.2022; « *Kommunedirektøren iverksetter parkeringsavgift på Trollkirka turparkering. Betalingssystem settes i gang til vår/sommersesong 2023. Parkeringsavgift fastsettes av administrasjonen. Overskuddet skal brukes til vedlikehold og utvikling av nye turstier i kommunen.*»

Miljødirektorat og dept. har klarlagt i sine skriv i 2020 (sjå vedlegg) at ideelt sett så ønskjer ein at utøving av friluftsliv bør vere gratis, men om ein vil innføre parkeringsavgift så må dette skje i tråd med friluftsløva. I skrivet frå Miljødirektoratet går det fram at om kommunen ønskjer å innføre ei parkeringsavgift for ei turparkering så må dette skje i tråd med friluftsløva § 14. Dette er ikkje gjort her så langt vi kan sjå. I skrivet frå Miljødir. går det også fram at avgifta skal leggest slik at



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner

moreogromsdal@fnf-nett.no | Fannestrandsvegen 122, 6419 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



den ligg på sjølkost-prinsippet og at det ikkje er greitt å sette utgiftspostar i dette reknestykkjet som ikkje høyrer denne parkeringsplassen til. Med andre ord er det ikkje lovleg å innføre ei parkeringsutgift for Trollkirka der eventuelt overskot skal brukast til «vedlikehold og utvikling av nye turstier i kommunen» slik møteprotokollen seier – noko slikt er jo innføring av ein «turistskatt».

Vi legg også ved «Veileder - Tillate avgift for tilgang til friluftsområder» av 28.09.2023 frå Miljødirektoratet som viser korleis kommunen skal handtere ei sak om parkeringsavgift.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator
FNF Møre og Romsdal

Vedlegg:

Skriv frå KMD til Norsk Friluftsliv av 16.11.2020 - Klargjøring av forhold rundt parkeringsavgifter og friluftslovens § 14

Skriv frå Miljødirektoratet til Fylkesmannen i Troms og Finnmark av 11.12.2020 - Svar på anmodning om tolkningsuttalelse - utmarksparkering etter friluftsloven § 14

Skriv frå FNF Møre og Romsdal til kommunane i Møre og Romsdal av 22.12.2022 - AVGIFT VED TURPARKERING – EI HINDRING FOR FRILUFTSLIVET

Veileder frå Miljødir. av 28.09.2023 - Tillate avgift for tilgang til friluftsområder